

KM 06/00 Særskilde preiketekstar - tekstval 2002/2003 og delegering - VEDTAK

Bakgrunn Tekstane i kyrkjeåret inneheld for kvar sun- og helgedag i kyrkjeåret to alternerande rekkjer med tekstar til dei tre lesingane i høgmessa. I tillegg til desse ordinære rekkjene inneheld boka for kvar dag eit fyldig utval av tilleggstekstar. Preiketeksten i høgmessa er til vanleg lesinga frå evangeliet. For å skapa større variasjon enn det den årlege alterneringa mellom fyrste og andre rekkje gjev, og for å syta for at jamvel andre delar av Guds ord enn avsnitta frå evangelia vert utlagde i preika, gjer Kyrkjemøtet for kvart kyrkjeår vedtak om eit sett med særskilde preiketekstar (jf. kgl. res. 26/10-90). I regelen har ein gjort dette for om lag tolv sun- og helgedagar i kvart kyrkjeår. Desse særskilde preiketekstane kan vera ein av dei andre lesetekstane for dagen eller dei kan vera henta frå rekkja med tilleggstekstar.

Saksutgreiing Tekstval Framlegg til desse særskilde preiketekstane vert utarbeid av Nemnd for gudstenesteliv (NFG). Framlegget vert handsama av Bispemøtet, før Kyrkjerådet legg det fram til vedtak i Kyrkjemøtet. NFG har på sitt møte 26. november 1999 handsama saka «Særskilde preiketekstar for kyrkjeåret 2002/2003» (sak NFG 26/99) og gjort vedtak om dei tekstane som følgjer nedanfor. Bispemøtet har slutta seg til framlegget frå NFG utan å gjera merknader til utvalet (sak BM 09/2000). Det same gjeld Kyrkjerådet (sak KR 24/00). Delegering Under handsaminga av særskilde preiketekstar på Kyrkjemøtet 1999 (sak KM 6/99) vart det sagt under komiteen sine merknader: "Komiteen vil [...] tilrå ein større gjennomgang av tekstrekkjene med tilleggstekstar ved eit seinare høve. Ein vil kome tilbake til dette." Bispemøtet talar òg om "behovet for et vidare arbeid med tekstrekkjene" (sak BM 09/2000), og seier: "Bispemøtet vil be om at dette tema gis nødvendig prioritet i Nemnd for gudstjenestelivs arbeid." Kyrkjerådet har merka seg dette initiativet, og vil så snart råd er greia ut denne saka. NFG har fått oversendt eit grunnlagsmateriale, men har enno ikkje kunna handsama saka. For tida er det ikkje mogeleg å gje saka høgare prioritet enn dette. Som kjent har budsjettsituasjonen dei siste åra gjort det naudsynleg å gå særns nøyte gjennom alle gjeremål for å prioritera stramt, og kapasiteten på feltet gudstenesteliv er nytta fullt ut til store saker som embetsutgreiinga, gravferd, konfirmasjon, dei unge og gudstenesta m.fl. Ei evaluering av ordninga med særskilde preiketekstar er det mest tenleg å gjera i samband med den evalueringa som det vert lagt opp til kring den nye forsøksordninga med seriepreiker, som Kyrkjemøtet 1999 gjorde vedtak om. Men det er òg grunn til å merka seg at i

Kyrkjemøtet har denne årvisse saka anten gått igjennom utan merknader eller den har tent som grunnlag for merknader av anna slag til tekstrekke-ordninga vår. Det kan t.d. vera avgrensinga av einskilde tekstar eller bruken av tekstutsnitt som utelèt eit eller fleire vers. Eller det kan ha vore spørsmål om ein skal velja ein særskild tekst som alternativ til den ordinære preiketeksten eller ikkje. Men sjølve ordninga som gjer det mogeleg å skapa variasjon ved å velja 12-13 særskilde preiketekstar, har det ikkje vore sett fram sterke innvendingar mot. Tvert om har det vore hevda i Kyrkjemøtet si handsaming av denne saka at ho er så kurant at Kyrkjemøtet heller kunne delegera til Kyrkjerådet å gjera vedtak om dei særskilde tekstane. Kyrkjerådet ville etter det prosedyrereglementet som gjeld for liturgisaker, framleis ha både Nemnd for gudstenesteliv og Bispemøtet å støtta seg på. Ein kan ikkje sjå at noko skulle vera til hinder for at Kyrkjemøtet kan delegera si mynde til kvart år å fastsetja desse særskilde preiketekstane vidare til Kyrkjerådet, jf kgl. res. 26/10-90. Dette vil vera ein tenleg lette av arbeidsoppgåvene for Kyrkjemøtet. Kyrkjerådet gjer difor framlegg om å innføra denne ordninga frå og med 01.01.2001, det vil seia for kyrkjeåret 2003/2004.

KYRKJEMØTET SITT VEDTAK: Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å gjera dette vedtaket: 1. Kyrkjeåret 2002/2003 har evangelietekstane i 1. rekkja som preiketekstar med desse unnataka:

Dag - Dato - Tekst - Nyttå før 4. s. i adv. - 22/12-02 - Rom 16,25-27 (T)
Sundag etter jul - 29/12-02 - Jes 63,7-9 3. s. e. Kr. op. - 26/1-03 - Rom 1,16-17 - 1978/79 Sundag før faste (Fastelavn) - 2/3-03 - Apg 8,26-35 (T) - 1989/90 Maria budskapsdag - 23/3-03 - Jes 7,10-14 - 1984/85 Påskenatt - 19/4-03 - 2 Mos 14,1-22 5. s. e. påske - 25/5-03 - Jer 29,11-14a 5. s. e. pinse - 13/7-03 - Rom 14,7-13 - 1980/81 9. s. e. pinse - 10/8-03 - Apg 20,24-32 (T) - 1987/88 13. s. e. pinse - 7/9-03 - Jes 29,17-19 (T) 18. s. e. pinse 12/10-03 - 1 Mos 2,1-4 (T) Helgemessesundag - 2/11-03 - Op 7,9-17 - 1978/79 Teksten for Langfredag er Luk 22,39-23,46

2. Med hjemmel i kgl. res. av 26/10-90 delegerer Kirkemøtet til Kirkerådet å gjøre vedtak om særskilte preiketekster. Ordningen gjelder fra og med 01.01.2001. Dette vil si at den settes i verk for kirkeåret 2003/2004.

Vedtaket var samrøystes.

(Bokmål): 1. Kirkeåret 2002/2003 har evangelieteksten i 1. rekke som preiketekst med disse unntakene:

Dag - Dato - Tekst - Brukt før 4. s. i adv. - 22/12-02 - Rom 16,25-27 (T)
Søndag etter jul - 29/12-02 - Jes 63,7-9 3. s. e. Kr. åp. - 26/1-03 - Rom 1,16-17 - 1978/79 Søndag før faste (Fastelavn) - 2/3-03 - Apg 8,26-35 (T) - 1989/90 Maria budskapsdag - 23/3-03 - Jes 7,10-14 - 1984/85 Påskenatt - 19/4-03 - 2 Mos 14,1-22 5. s. e. påske - 25/5-03 - Jer 29,11-14a 5. s. e. pinse - 13/7-03 - Rom 14,7-13 - 1980/81 9. s. e. pinse - 10/8-03 - Apg 20,24-32 (T) -

1987/88 13. s. e. pinse - 7/9-03 - Jes 29,17-19 (T) 18. s. e. pinse - 12/10-03 - 1
Mos 2,1-4 (T) Allehelgensdag - 2/11-03 - Åp 7,9-17 - 1978/79 Teksten for
Langfredag er Luk 22,39-23,46

2. Med hjemmel i kgl. res. av 26/10-90 delegerer Kirkemøtet til Kirkerådet å
gjøre vedtak om særskilte prekentekster. Ordningen gjelder fra og med
01.01.2001. Dette vil si at den settes i verk for kirkeåret 2003/2004.